

PROSJEKLEIING: NIELS J. RØINE OG ASLAK O. BRIMI

PRODUSENT: NIELS J. RØINE

RÅDGJEVAR: ROLV BRIMI

INNSPELT: GJØKEREDET STUDIO

LYD: FRIDTJOF A. LINDEMANN, LYDMUREN

ENGELSK OMSETJING: IVAR TEIGUM

GRAFISK FORMGJEVING: EVA KARLSSON

ØKONOMISK STØNAD: NORSK KULTURÅD, FOND FOR UTØVANDE KUNSTNARAR,
SPAREBANK 1 LOM OG SKJÅK, LOM KOMMUNE, LOM SPEL- OG DANSARLAG,
GUDBRANDSDAL FOLKEMUSIKKLAG

HJERTELEG TAKK TIL: ANDERS BAKKEN, SEVALD BISMO, HANS W. BRIMI JR.,
HALVARD KVÅLE, OTTAR ROALDSET



BLÅ SEPTEMBER

ASLAK OPSAHL BRIMI OG HANS W. BRIMI



Fiddlers' Band) I could as well have tucked them away". The second voice was made by another fiddler, Magne Bø (1924–2005), and here also I use Grandfather's fiddle.

[16] **SYNNASNO** (THE SOFT BREEZE), SPRINGLEIK BY SJUGURD GARMO [ADAE]. From early on Grandfather had this piece on his repertory. It was one of his favourites, and it was often to be heard at his concerts. Sjugurd told that he was so sick and tired of the chilling north wind that he needed to make its antidote.

[17] **SPRINGLEIK** [ADAE]. Torstein Tykket (1893–1983) woke up one night with this tune on his mind. Keeping awake in order not to forget it, he set out on his moped in the early morning and drove to Brimi twenty kilometres away. There he hummed the tune on to the tape recorder. Torstein was a music source highly regarded by Grandfather and others.

[18] **THREE TUNES FOR THE FLUTE** [GDAD]. I have learnt these tunes from recordings made by my father and Grandfather of tunes hummed by Rønnaug Biløygard (1904–2000). Rønnaug lived in our community, and grew up in a home where there was singing, and where they practised on the willow flute and the diatonic accordion. Rønnaug's song had an age old tonality, and she had in her store both fiddle tunes and songs. To my mind the three tunes are particularly melodious in the tuning locally known as spakrostille.

[19] **WALTZ** [DDAE]. This is a traditional waltz I have learnt from my father. He had it from several sources, Grandfather being one of them. The bass string can be tuned in D or Fiss (locally called gorraus bass).

[20] **BOTARDAGEN** (MENDING DAY) SPRINGLEIK BY HANS W. BRIMI [ADAE]. When the warm season was over and the servants returned from the summer abode with the animals, they had a day of rest, a day spent washing and mending clothes.

[21] **HALLING** [ADAD]. This is one of the tunes I like best. I have learnt the piece from my father, who had the recording of a live performance by Hans H. Holen from Vågå (born 1930) during a contest. Hans H. Holen was one of Grandfather's best friends in the folk music field, and both were regular participants in contests for three decades from 1950. Both had the gift of the gab. On one occasion Hans H. Holen introduced Grandfather in the following way: "Hans Brimi gave his first public performance in a chapel at Otta, and if you take a close look at him, you realize that he has never really left that place." I have tuned the soprano string down to D, which I feel makes this halling the more powerful.

Track 4, 5, and 13: From the LP record *Springleik og Blåtonar* by Hans W. Brimi and Pernille Anker. Heilo 1989. Producer: Halvard Kvåle. By permission from Grappa.

Track 15, 16, and 17: From the LP record *Lomsbrura*. Oppsong 1978. Producer: Ottar Roaldset. By permission from Ottar Roaldset.

Track 6, 10, 11, 12, and 20: Recordings made privately in the kitchen at Brimi in 1972–73 with a Tandberg tape recorder.

Grandfather learnt several pieces from him, also some of his own making.

[10] **GAMMELSTORØYGARDEN**, SPRINGLEIK [ADAE]. The tune is often played, and belongs to the key repertory of fiddlers from Lom. It is a must at dances, and where several fiddlers played together, it used to be played in parallel octaves, the so-called “high and low pitch”. Tunes with parts played on two strings used to be played in that manner. I myself did not get an opportunity to play with Grandfather in his lifetime, therefore it is fun trying now. In the recording I play on Grandfather’s fiddle. I play the low pitch, and in unison.

[11] **HALLING** [ADAE]. The halling pieces are few in the Lom tradition compared to the springleik repertory. Several of them are short, and have a simple structure. Many remain unnamed, but Grandfather had some, which were used to introduce the raising of glasses at parties. Grandfather learnt the present piece from Ola Moløkken.

[12] **SPELMANNSKJERRINGA** (THE FIDDLER’S WIFE), SPRINGLEIK BY HANS W. BRIMI [ADAE]. From the late 1960s Grandfather started to travel with his fiddle, playing at dances, touring the country, and giving concerts. This was something he liked, but which aroused his bad conscience for staying away from home so much. The Fiddler’s Wife is a name designed to honour Grandmother Aslaug and other wives who have been left with the responsibility for everything at home.

[13] **DEN BLÅ SLÅTTEN** (THE BLUE NOTE), A CONCERT PIECE BY HANS W. BRIMI [DDAD]. The piece was composed for the LP record *Springleik og blåtonar* (Springleik and Blue Notes), which Grandfather issued in 1982 together with Pernille Anker (1947–99). It is typical of his concert compositions with their rhythmical shifts, numerous parts, and melodious tuning. He was renowned for his lyrical sound, which was more present in his concert pieces than elsewhere.

[14] **DEN BLÅKLEDD** (DRESSED IN BLUE), SPRINGLEIK [DDAF]. In the 1980s Grandfather spent more and more time in his summer abode, and there he gave small concerts. Before the concerts he would relax at the fireplace. Perhaps he sat pondering the many tales of fairies he had heard, for in this period many of his tunes have titles alluding to legends of fairies and goblins.

[15] **HOVDEMILLOMLEIKEN** (THE HOVDEMILLOM TUNE), WALTZ BY SJUGURD GARMO [GDAE]. Sjugurd Garmo (1896–1991) was the first in Lom in modern times to seriously try his hand on composition. From the beginning of the 1960s he stayed with his wife in the summer abode during the warm season. The work with the animals and the whole environment inspired him to compose some of his fine pieces. Many of the tunes were named after places in the surroundings of the abode. Without shyness he played his compositions to those who would listen, and was pleased to hear the tunes played by others. In a speech on his 70. birthday he put it like this: “Had it not been for the members of Lom Spelmannslag (Lom

Bestefar min, han Hans, hadde ordet på seg for å vera ein lugum kar. Han hadde mange gode vener rundt om i folkemusikknøreg, og folkemusikken og miljøet rundt det var ein stor del av livet hans.

Eg kjente ikkje Hans W. Brimi som ein scenekunstnar eller meisterspelemann. Eg starta for seint å spele, og han hadde lagt ned fela da mi store interesse kom. Eg kan ikkje hugse at eg nokon gong spelte i lag med bestefar. Dessverre. Men eg har mange fine minne. For meg var han bestefar-Brimi, som heldt kustus på oss ungane når vi var innom garden. For meg vil han alltid vera gamlekaren med strikkalua på snei, og som mannen liggjande langflat på sofaen inne i gammelstugu. Ingen snorka høgare enn bestefar.

Spesielt kjem eg alltid til å hugse kor godt han passa på meg i høyslåttene. Eg er nemleg særst allergisk, og eg fekk ikkje lov til å vere med dei andre ungane å leike på låven. Da sat eg inne og spelte kort med bestemor og bestefar, og vart fora godt med saft og biteti. Og bestefar la ofte kabal. Ingen var betre enn han i å jukse i kabal.

Musikken og spelmåten, den har eg på opptak. Eg har òg opptak med han som forteljar. Det høyrer eg på ofte. Og dette, saman med minna eg har, gjev meg inspirasjon.

Slåttane på denne plata er eit lite utsnitt av slåttearven eg har etter bestefar min. Nokre har han gjort og nokre er tradisjonelle frå Lom og Ottadalen. Eg har ikkje som mål å spele likt bestefar min. Men tonen, tonaliteten, dåmen, takta og drivet hans er kvalitetar eg høyrer etter. For meg er det noko spesielt. Eg vonar at de får same kjensla med slåttane eg har teke fram her.

Og eg spelar mitt spel slik det har vorte. Eg vonar de liker det og.

/ ASLAK OPSAHL BRIMI

[01] VALS AV HANS W. BRIMI ^[AEAE]

Bestefar spelte mykje inn på band, særleg når han sat aleine på kjøkenet og laga slåttar. Valsen fann far og eg jula 2004 da vi hørde gjennom eit spoleband bestefar spelte inn fyrst på 70-talet.

[02] GAMMELHÅMÅRN ^[GDAE]

Springleiken er namna av spelemannen Lars Kjørren (1826–1890) i Garmo som takk for at han fekk bu på bruket Håmårn på sine eldre dagar. (Hør ei form av denne på TA12CD.)

[03] SOLONGSPRINGLEIK ^[AEACiss]

Spelmannen Sigurd Eggen (1883–1964) frå Bøverdalen lærte mykje av Per Spelemann (1830–1907), som sjølv spelte i lag med Fel-Jakup. Sigurd var ein mykje brukt dansespelemann, og den drivande spelstilen hans vitna om det. Eg har lært leiken av Bjørn Odde.

[04] TUSSGUBBEN, SPRINGLEIK AV HANS W. BRIMI ^[FDAE]

Tussgubben laga bestefar tidleg på 70-talet. I seterboka på Brimisetra står det som avrunding på ei innskriving: «Helsing Hans, Tussgubben».

[05] SPEL-SISSEL OG FANGJEN, LYDARSLÅTT ^[GDAE]

Spel-Sissel er ein tone O. M. Sandvik skreiv ned etter dikteren Olav O. Aukrust (1884–1929). Fangjen, eller Kristen Fangje, lærte bestefar av Ola Moløkken (1871–1957).

[06] VALS AV OLA MOLØKKEN ^[GDAE]

Ola Moløkken, Lykkjen, er den spelmannen bestefar sette høgast og lærte mest av. I 1948 var Ola i NRK og spelte inn 23 slåttar. Sjølv om Ola var 76 år, er spelet klårt, spenstig og klangfullt. Desse leikane er av dei viktigaste folkemusikk-opptaka vi har i Lom.

[1] WALTZ BY HANS W. BRIMI ^[AEAE]. Grandfather often used to make recordings, particularly when sitting alone in the kitchen composing his own music. My father and I discovered this waltz during Christmas 2004 while listening to Grandfather's tapes from the early 1970s.

[2] GAMMELHÅMÅRN, SPRINGLEIK ^[GDAE]. The name was given by the fiddler Lars Kjørren from Garmo (1826–90) in gratitude for being invited to live on the farm Håmårn in his old age.

[3] SPRINGLEIK TUNED IN THE SOLUNG MODE ^[AEACiss]. The fiddler Sigurd Eggen from the Bøverdalen valley (1883–1964) used Per Spelmann (Per the Fiddler) as his primary musical source. Per the Fiddler (1830–1907) in his day played together with the famous Fel-Jakup (Fiddle-Jakup). Sigurd often played at dances, an experience which gave his music a brisk rhythm. I have learnt the piece from Bjørn Odde.

[4] TUSSGUBBEN (THE GOBLIN), SPRINGLEIK BY HANS W. BRIMI ^[FDAE]. The Goblin was made by Grandfather in the early 1970s. In the guestbook at the Brimisætra summer abode he has signed an entry: "Greetings from Hans the Goblin".

[5] SPEL-SISSEL OG FANGJEN (SISSEL, THE PLAYFUL LASS, AND THE CAPTIVE), A CONCERT PIECE ^[GDAE]. Sissel, the Playful Lass, is a tune that dr. philos. O. M. Sandvik got from the poet Olav Aukrust (1884–1929). The Captive, or Kristen the Captive, Grandfather learnt from the fiddler Ola Moløkken at Garmo (1871–1957).

[6] WALTZ COMPOSED BY OLA MOLØKKEN ^[GDAE]. Lykkjen, as he was called, was the fiddler Grandfather valued highest of all. In 1948 the the Norwegian Broadcasting Corporation (NRK) recorded 23 pieces played by Ola Moløkken. He was then 76 years old, but his performance was still distinct, and had a strong nerve. These tunes are some of the most essential recordings of folk music we have in Lom.

[7] KOS MED FELA (A GOOD TIME WITH MY FIDDLE), SPRINGLEIK BY HANS W. BRIMI ^[GDAE]. This tune was composed by Grandfather in the early 1970s. The title was suggested by Rolf Myklebust, leader of the NRK folk music department, after the tune was recorded. The springleik was part of the suite "Heimfjellsheilagt" (A Foothill Sanctuary) which Grandfather made for a TV programme produced by the NRK.

[8] BLÅ SEPTEMBER (BLUE SEPTEMBER), A CONCERT PIECE BY HANS W. BRIMI ^[GDAE]. In the 1990s Grandfather worked with the painter Wilhelm Bjertnes. For mutual inspiration they had several encounters in Bjertnes' studio resulting in paintings and music. In 1997 they cooperated on a combined art exhibition-cum-concert in Lom. Blue September belongs to the musical output of the collaboration between the two men, and it is one of the last pieces Grandfather composed before he laid down his fiddle for good.

[9] HALLING ^[ADAЕ]. This tune Grandfather learnt from Olav Høiberg in Lom (1913–80). Høiberg was one of those who prefer to play in private. But

My grandfather was regarded as a nice fellow by those who knew him. He had many close friends nationwide among people interested in folk music. The music and everything connected with it, was an important part of his life.

I myself did not know Hans W. Brimi as a concert musician or a great fiddler. I started to play the fiddle too late for that, and when I got interested in earnest, he had put the fiddle on the shelf. I am sorry to admit never to have played with him. But there is a host of nice memories. To me he was Grandfather Brimi, the one who kept the kids on a straight line when we visited the farm. To me he will always be the Old Man with the wool cap put askew, or the one lying comfortably on the sofa in the old farm house. No one snored louder than Grandfather.

In particular I shall never forget how well he looked after me during harvest. Because of an allergy I was never allowed to play with the other kids in the barn. On those occasions I was kept indoors playing at cards with Grandmother and Grandfather, and getting a fair share of juice and cakes. Grandfather would often lay a solitaire. No one was better than him to find ways to succeed each time.

Along with the music with his style I have the storyteller on tape. I often listen to these recordings, and together with the memories they give me inspiration.

The tunes on this CD represent a selection of the musical heritage I have from my Grandfather. Some are his own compositions, others belong to the common stock of folk music in Lom and the Ottadalen valley. My purpose is not to play like Grandfather. But the sound or tonality, the feeling, the rhythm, and the dynamics in his music are qualities which I wish to achieve. To me these things are something special. I hope the listeners will appreciate the tunes I have chosen in a similar way.

And I play the music the way it has developed in me. I hope you like that as well.

/ ASLAK OPSAHL BRIMI



Bestefar på Brimi,
slik eg hugsar han.



[18] **TRE FLØYTETONAR** ^[GDAD]

Desse tre fløytetonane har eg lært av opptak bestefar og far gjorde med Rønnaug Biløygard (1904–2000). Rønnaug budde i same grend som bestefar, og ho voks opp i ein heim med mykje song, seljefløyte og toradar. Rønnaug song med ein sikker og alderdommeleg tonalitet, og likte like godt å tralle slåttar som å syngje viser. Eg tykkjer melodiane er særst fine på spakrostille.

[19] **VALS** ^[DDAE]

Dette er ein tradisjonell vals eg har lært av far. Far hørde leiken av fleire, både bestefar og andre, og bassen kunne vere både D (gorrlaus) og Fiss.

[20] **BOTARDAGEN, SPRINGLEIK AV HANS W. BRIMI** ^[ADAE]

Når seterverro var over, og budeia og seterfolket kom til gards med krøttera om hausten, var det høgtid. Dagen etter hadde tenestefolket fri. Da tok dei gjerne fatt på stelling og bøting av kledda sine, og dagen vart kalla botardagen.

[21] **HALLING** ^[ADAD]

Denne hallingen er ein av dei artigaste leikane eg kan. Eg har lært leiken av far som har den frå eit kappleikopptak med Hans H. Holen (1930–) frå Vågå. Hans var ein av bestefar sine beste spelemannskameratar, og bae var trufaste kappleikdeltakarar i 50–70-åra. Dei var og bae gode i kjeften, og ein gong Hans Holen var programleiar og presenterte bestefar, sa han: «'N Hans Brimi debuterte på kappleik i eit bedehus på Otta i 1933, og ha døkk nå sett nøye på'n så ha døkk nå sett dæ heile tide at d va i eit bedehus 'n debuterte». Eg har stemt kvinten ned til D, noko eg tykkjer gjer hallingen ekstra klangfull.

Spor 4., 5. og 13.: Frå LP-plata til Hans W. Brimi og Pernille Anker *Springleik og Blåtonar* (Heilo 1989, produsent: Hallvard Kvåle). Brukt med løyve frå Grappa.

Spor 15., 16. og 17.: Frå LP-plata *Lomsbrura* (Oppsong 1978, produsent: Ottar Roaldset). Brukt med løyve frå Ottar Roaldset.

Spor 6., 10., 11., 12. og 20.: Private opptak teke opp med ein Tandberg spolespelar på kjokenet på Brimi i 1972–73.

[15] **HOVDEMILLOMLEIKEN,
VALS AV SJUGURD GARMO** ^[GDAE]

Sjugurd Garmo (1896–1991) var den fyrste av spelemennene i Lom som i nyare tid verkeleg tok til å lage slåttar. Frå tidleg på 60-talet var han på setra saman med kona si, og sæterlivet og naturen gav han inspirasjon til dei fine slåttane hans. Slåttane fekk ofte namn etter landskapet rundt setra. Heldigvis var han flink til å koma fram med slåttane sine, og han tykte det var trivleg at dei vart tekne i bruk. I 70-årslaget sitt takka han slik: «Hadde det ikkje vore for døkk i Lom Spelmeinnslag kunne e berre putta leikjen i baklumma mi.» Andrestemma har Magne Bø (1924–2005) laga, og her òg brukar eg fela etter bestefar.

[16] **SYNNASNO, SPRINGLEIK
AV SJUGURD GARMO** ^[ADAE]

Springleiken Synnasno tok bestefar tidleg i bruk. Leiken var ein av favorittleikane og var ofte med på programmet hans. Sjugurd fortalde at han var så luta lei den sure nordavinden at han måtte lage noko motbør.

[17] **SPRINGLEIK** ^[ADAE]

Torstein Tykket (1893–1983) vakna ei natt og kom på denne leiken. Han torde ikkje somne att, og da det lei på morgonen tok han mopeden og kjørte 20 km til Brimi. Bandspelar-en kom fram, og Torstein hulla inn slåtten. Torstein var ei rik slåttekjelde, og bestefar og andre lærte mykje av han.



Sjugurd Garmo på setra i Kleppdalen.

FOTO: LÅNT AV HILDA BREKKA

FOTO: ANDERS BAKKEN

[07] **KOS MED FELA, SPRINGLEIK AV HANS W. BRIMI** ^[GDAE]

Springleiken laga bestefar tidleg på 70-talet. Han spelte leiken inn i NRK, og da han var ferdig med å spele sa Myklebust at «denne må du kalla for Kos med fela». Springleiken er også ein del av musikken «Heimfjellsheilagt» som bestefar laga for eit TV-program.

[08] **BLÅ SEPTEMBER,
LYDARSLÅTT AV HANS W. BRIMI** ^[GDAE]

På 90-talet arbeidde målareren Wilhelm Bjertnes og bestefar ein del saman. Dei møttest i målarstugu til Bjertnes for felles inspirasjon. Det vart både måleri og slåttar, og i 1997 var det måleriutstilling og konsert i Lom. Blå september vart til ved dette samarbeidet og er av dei siste leikane bestefar laga før han la ned fela for godt.

[09] **HALLING** ^[ADAE]

Hallingen lærte bestefar av Olav Høiberg (1913–1980) frå Lom. Høiberg var ein spelemann som spelte mest i si eiga stove, men bestefar lærte ein del slåttar av han, også slåttar Høiberg laga sjølv.

[10] **GAMMELSTORØYGARDEN, SPRINGLEIK** ^[ADAE]

Leiken har vore mykje spelt, og er av kjernereportoaret til spelemennene i Lom. Til dans er leiken sjølvskreven, og var det fleire som spelte saman, ja, da let det grovt og grant. Leikar med skifte som gjekk berre på to strengar vart gjerne spelt slik. Eg fekk ikkje spelt saman med bestefar medan han levde, derfor tykkjer eg det er moro å prøve seg no. Eg spelar grovt og unisont attåt, og eg brukar bestefar si fele i opptaket.

[11] **HALLING** ^[ADAE]

Hallingane er fåe i talet samanlikna med springleikar, og fleire av leikane er stutte og enkle i oppbygginga. Mange av hallingane er namnlause, men bestefar brukte namnet skållalling om fleire av dei. Bestefar lærte leiken av Ola Moløkken.

[12] **SPELEMANSKJERRINGA, SPRINGLEIK AV HANS W. BRIMI** ^[ADAE]

Frå slutten av 1960-talet begynte bestefar å reise meir med fela. Det var danselåting, turnear og konsertar. Han likte seg godt som reisande spelemann, men hadde nok dårleg samvett for at han var så mykje borte. Springleiken «Spelemanskjerringa» har han namna for å heidre bestemor Aslaug og andre koner som tok ansvaret heime. Dette er fyrste springleiken bestefar laga.

[13] **DEN BLÅ SLÅTTEN, LYDARSLÅTT AV HANS W. BRIMI** ^[DDAD]

Denne laga bestefar til LP'en *Springleik og Blåtonar* (1982) som han ga ut saman med Pernille Anker (1947–1999). Den er eit godt døme på bestefar sine lydarslåttar med taktskifte, mange strøk og på klangfulle felestille. Han var alltid kjent for sitt lyriske spel, og i slike lydarslåttar fekk desse evnene kome til uttrykk.

[14] **DEN BLÅKLEDDA, SPRINGLEIK** ^[DDAE]

Utover 1980-talet brukte bestefar setra meir og meir, og han hadde fleire småkonsertar i seterstugu. Før konsertane sat han og kosa seg ved peisvarmen. Kanskje tenkte han på dei mange huldresegnene han hadde høyrte, for mange av slåttane hans frå denne tida er knytt til hulder og tussar.



Hans W. Brimi på besøk hjå Ola Moløkken, 1956.

FOTO: DØHL, G OG LT